

Overnattingsplassar på Haukelifjell i gamal tid

Røldal kyrkje vart bygd på 1200 talet og krusefikset som heng i Røldal kyrkje er også frå 1200 talet.

På wikipedia står det:

“ Kirken har et 85 cm høyt krusifiks fra 1200-tallet som henger over koråpningen. Det ble trolig lagd av en tysk håndverker som slo seg ned på Vestlandet på den tiden stavkirken ble reist. Legendene forteller i stedet at en gammel blind mann og en gutt fikk mer enn fisk i garnet. Gutten sa at han så et kors der, men det var for tungt å lempe opp i båten. Den gamle ropte at fikk han bare korset opp i båten, skulle han frakte det til nærmeste kirke. Han ropte ut navnene på de nærliggende kirkene, men korset var like tungt, inntil han ropte «Røldal kirke!» – da nærmest hoppet det opp i båten av seg selv. Den gamle tørket svetten fra pannen, og med det samme fikk han synet igjen.”

Denne sveitten gav så grunnlaget for den pilegrimsvandringa til Røldal kyrkje som held på fram til omkring 1850.

Det kom pilegrimar til Røldal kyrkje langvegs frå, men dei for igjennom bygdene rundt omkring også frå Telemark og Setesdalen. For å koma til Røldal måtte ein i dei fleste høve passere over høgfjellet, og det er vegen frå Telemark saka dreiar seg om idag. Alle som skulle til Røldal måtte gå over Haukelifjell, ein tur på omkring 5 mil. Var det fint ver, var det ikkje noko problem, men kom ein ut for uver kunne det gå ekstra gale, og det skjedde mange gonger fortel saga.

Me veit at det rundt om i landet vart det sett opp hytter langs desse høgfjellsvegane, og truleg vart det gjort også på Haukelifjell.

Knut Rabba, ein erfaren fjellmann frå Røldal fortalde meg at han meinte at det var to hytter som peika seg ut som slike overnattingshytter. Den eine ligg i nederst i Terjebudalen og den andre låg der Haukelisæter fjellstue no ligg.

Dette var før svartedauen herja landet, og i tida etterpå så var det ikkje folk nok til å bruke og halde vedlike. Hytta i Terjebudalen har ikkje noko namn, men når det gjeld hytta på Haukelisæter så har den sin historie.

Arbeidet med den nye vegen over Haukelifjell gjekk føre seg i store delar av andre halvdel av 1800 talet, vegen vart opna i 1895 men Haukelisæter Fjellstue stod ferdig i 1870 åra og turistforeninga hadde også nokre år før sett opp ei lita hytte innved Nupselva for å bøte på overnattingsproblemet. Denne fyrste hytta er teken vare på, og vil om ei tida på ny stå sammen med andre gamle hytter innmed Haukelisæter. Det var leiinga i Statens Fjellstuer som sette namn på og kalla fjellstoga på Haukelifjell for Haukelisæter.

I åra før Haukelisæter Fjellstue vart opna, heitte området der fjellstoga vart bygd Hustuftene, og det er dette som gjer heile historien interessant.

Også her stod det ein steinbu, og i samband med bygginga av fjellstoga, måtte dei bygge opp ein heil gard, dei som skulle drive fjellstoga måtte vera sjølvforsynte på det meste, så denne steinbua vart restaurert og gjordt om til sommarfjøs.

Desverre så vart steinbua riven i samband med hus eller vegbygging nokre tiår seinare.

Det som gjer det heile interessant er den historiske koblinga, for på gamle bilete så ser me steinbua og nedanfor ute i Ståvatn var det ein odde som heiter Kyrkjeneset. Nå me veit at det gamle namnet på dette området var Hustuftene er det ikkje vanskeleg å stø opp om Knut Rabba sine tankar om at det har vore noko her.

Røldal kyrkje vart bygd på 1200 talet og krusefikset vart og funne I dette hundreåret. Med det omdøme som dette etter kvart fekk, har trafikken over Haukelifjell truleg vore stor. I tillegg til pilegrimsvandringa var ferdselsvegen over Haukelifjell ein viktig veg mellom aust og vest. Det vart bygd husvære for dei reisande som for over Dovre, og det er ikkje vanskeleg å sjå likskapen til Nidaros og Røldal.

Det er vanskeleg å fastslå utan å ha undersøkt det nærare når desse steinbuene vart bygde, men teorien til Knut Rabba var at dei vart bygde på 1200 – 1300 talet, men at dei på grunn av Svartedauden omkring 1350 ikkje vart halden vedlike på grunn av at så stor del av befolkninga døde. Det er anslått at mellom 175 000 og 200 000 døde i Norge, av ein befolkning på rundt 350 000.

Histoiren omkring desse overnattingsplassane interesserar meg, og det er viktig informasjon I samband med Pilegrimsvegen til Røldal.

Eg har laga denne meiningsytringa og sender den rundt til ymse faginstansar og til Vinje og Odda kommunar. Det var mi von at nokon av dykk som får dette, fattar interesse og at de I fellesskap greier å finne ut om Knut Rabba var på rett veg.

Sidan dette er frå tida før reformasjonen, må ein truleg til dei katolske kjeldene I København, men det er truleg nokon av mottakarane som veit svaret på.

Vedlagt fylgjer 4 bilete, fargebilete visar steinbua nederst I Terjebudalen, rett ovanfor Austmannalia. På eit av bileta ser ein gamlevegen ned Stavshadlene

Dei andre bileta visar området ved Haukelisæter Fjellstue med steinbua og Kyrkjeneset nedanfor rett ut i Ståvatn.

Etter oppdemninga av Ståvatn er det berre ei lita øy att av Kyrkjeneset.

Vonar nokon av mottakarane av denne e-posten fattar interesse og at6 de gjev meg ein melding attende om kva de veit og har funne om litt.
Eg har tlf. nr. 916 63 922

Med helsing
Pilegrimsvegen til Røldal
Ragnvald Christenson
Leiar



Dette er steinbua I Terjebudalen, det er ikkje vanskeleg å sjå mønet på venstre side.





Midt på bilete ser de steinbua, som no er blitt til fjøs, og til høgre ligg Kyrkjeneset. Her er det etter min meining ein kobling.



Her ser de steinbua / fjaset på nært hald, den vart burte i samband med vegbygging eller husbygging på Haukelisæter.